

M

MURITUNET AS

ÅRSMELDING 2019

1. VERKSEMDA SIN ART

Selskapet sitt føremål er å eige og drive institusjonen Muritunet AS. Institusjonen skal gje medisinsk behandling og levere ulike former for helsefremjande og sjukdomsførbyggjande tenester som ein del av det totale helsetilbodet i landsdelen. Hovedvekta skal ligge på spesialisert rehabilitering, opptrening og opplysning samt anna verksemd som står i samanheng med dette.

Selskapet vert drive på ideell basis og vil ikkje ha kommersielt erverv til føremål. Det skal ikkje delast ut utbytte og selskapet sine midlar skal heller ikkje på annan måte overførast til selskapet sine aksjonærar.

Muritunet driv døgntilbod ved institusjonen i Valldal og dagtilbod ved avdelinga på Moa i Ålesund. Muritunet.

2. FRAMLEIS DRIFT

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det med dette stadfesta at foresetnadane for framleis drift er lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapslova for selskapet og for konsernet.

Til grunn for dette ligg:

Muritunet registrerte i 2019 ein høg etterspurnad etter institusjonen sine tenester. Det er p.t. god innsøking på dei fleste målgrupper. Det faglege og organisatoriske grunnlaget til institusjonen er godt. Muritunet står overfor utfordringar og mogelegheiter knytte til ein marknad i omstilling. Særlig med tanke på kommunereforma der store delar av dagens spesialiserte rehabilitering er planlagt overført til kommunane.

Koronapandemien som inntraff i februar 2020, har ikkje betydning for årsrekneskapslova for 2019. Hendinga har heller ikkje hatt vesentleg negativ betydning for selskapet si stilling og resultat i perioden mellom balansedagen og tidspunktet for framlegging av årsrekneskapslova.

3. SELSKAPET SI VERKSEMD I 2019

Muritunet har i 2019 levert rehabiliteringstenester etter avtalar med Helse Midt-Norge RHF. I 2017 signerte Muritunet ein basisavtale på 50 døgnplassar og 14 dagplassar. I tillegg er det inngått ein eigen avtale om arbeidsretta rehabilitering på 8 døgnplassar, 6 dagplassar samt 3.600 polikliniske konsultasjonar. Begge avtalane har ein varigheit på 4 år med opsjon på forlenging med 2 +2 år.

Dagtilbodet på Moa har vorte bygd opp gradvis gjennom dei 2 siste åra. Erfaringa frå dei første driftsåra, viser at det tek tid å bygge opp og marknadsføre eit nytt tilbod. Tilbodet har no blitt meir kjent og vi merkar ein stor auke i innsøkinga til tilbodet.

Muritunet har eit formalisert samarbeid med Helse Møre og Romsdal representert ved sjukehuset i Ålesund. Det er inngått samarbeidsavtalar og det vert gjennomført årlege evaluerings- og dialogmøte. Avtalane som er inngått regulerer samarbeidet mellom Muritunet og moravdelingar på sjukehuset.

Brukarutvalet er ein viktig ressurs for Muritunet. Utvalet består av 3 medlemmar og sekretær frå administrasjonen som deltek på møta. Ein representant frå brukarutvalet møter i styremøta med talerett. Brukarutvalet representerer ein meirverdi for styret.

Muritunets Venner er ei viktig støttegruppe for Muritunet. Foreninga skipar til velferdstiltak og samlar inn midlar som primært vert brukt til velfredstiltak for pasientane.

Muritunet AS har majoriteteigarskap (51 %) i Storfjord Helsesenter AS . Storfjord Helsesenter AS rommar m.a. eit velutstyrt treningscenter – *Fjordtrim* - som Muritunet har fått driftsansvaret for. *Fjordtrim* er til først og fremst for Muritunet sine pasientar, men er og opent for publikum mot betaling.

Muritunet eig 100 % i dotterselskapet Vitafjord AS. Det har ikkje vore aktivitet i selskapet i 2019.

Muritunet er ISO-sertifisert og gjennomfører eit systematisk program med kvalitetskontroll og internrevisjon. Kvalitetsrapporten for 2019 viser at Muritunet skorar jamt høgt på alle viktige kvalitetsindikatorar.

Ein velkvalifisert og motivert stab er Muritunet sin viktigaste ressurs.

4. ARBEIDSMILJØ, PERSONALE , LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

I tråd med gjeldande lover og forskrifter fører selskapet oversikt over totalt sjukefråvær, skadar og ulykker for tilsette.

Faktor	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Sjukefråvær	7,0 %	6,4 %	4,7 %	4,8 %	5,5 %	7,6%	6,4 %	7,1%	7,7%
Langtidsfråvær over 50 fråversdagar (ant pers/ % del sjukefråvær)	4 pers 2,7 %	3 pers 3,0 %	3 pers 1,6 %	4 pers 2,3 %	3 pers 1,5 %	10 pers 5,3 %	5 pers 2,8 %	9 pers 4,1%	12 pers 5,5%
Anna sjukefråvær	4,3 %	3,4 %	3,1 %	2,5 %	4,0 %	2,3 %	3,6%	3,0%	2,2%

Det har ikkje vore skadar eller ulykker på personalet i driftsåret 2019.

Ei viktig endring i 2019 var skifte av arbeidsgjevarorganisasjon frå Virke til Spekter. Skiftet inneber inngåing av nye avtalar med dei tilsette både når det gjelder løn og generelle arbeidsvilkår

Muritunet har ein samarbeidsavtale med Stamina Bedriftshelseteneste. Muritunet er ein multikulturell arbeidsplass med fleire nasjonalitetar representerte i arbeidsstokken, og ofte fleire nasjonalitetar blant pasientane.

Tilsette	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Kvinner	60	59	57	58	59	62	64	69	69
Menn	23	23	20	20	21	23	23	24	23
Totalt personar	83	82	77	78	80	85	87	93	92
Totalt årsverk	57	57	52	54	58	62	62	72	72
Styret	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018 -19	2019-20
Kvinner	4	5	5	5	5	5	5	5	5
Menn	3	2	2	2	2	2	2	3	3

Selskapet og konsernet har retningslinjer for å oppnå likestilling i tilsetning og løns-/avtalevilkår.

5. MILJØRAPPORTERING

Etter det styret kjenner til har ikkje selskapet eller konsernet aktivitetar som medfører skade på ytre miljø. Muritunet vart miljøsertifisert etter ISO 14001 våren 2015.

6. FRAMTIDIG UTVIKLING

Sjølv om Muritunet har ein sterk posisjon som rehabiliteringsinstitusjon og eit godt omdome, vil det heile tida vere behov for endringsvilje og endringsevne for å styrke tilbodet. Nasjonal politisk er det et eit ynskje at rehabiliteringstiltak blir gitt på beste effektive omsorgsnivå. Gråsona mellom kva som er spesialisert rehabilitering og kva som er ei kommunal oppgåve, er ei generell utfordring å identifisera. Muritunet er i god dialog med fleire kommunar, og vil kunne gi tilbod på områder der kommunane manglar kapasitet.

Ein viktig del av Muritunet sin strategi er å inngå i samarbeid med andre kunnskapsbedrifter. Muritunet har over fleire år hatt eit tett samarbeid med fleire spisskompetente fagmiljø som t.d. St. Olavs hospital, dvs. Regionalt Senter for Overvekt (RSSO), Kompetansesenteret for arbeidsretta rehabilitering (AiR) i Rauland og Helse Møre og Romsdal HF. Muritunet er med i kjernenettverket for arbeidsretta rehabilitering samt Nettverk for forskning og fagutvikling innan kreftrehabilitering.

Styresmaktene har innført fritt behandlingsval innanfor rehabilitering. Med fritt rehabiliteringsval kan det verte sterkare konkurranse om enkelte pasientgrupper, men samtidig vil det vere eit stimuli til å heve kvaliteten på leveransen endå eit hakk.

Muritunet har ein ambisjon om vekst innanfor dei områda som er omtala i den vedtekne strategiplanen for selskapet. Styret meiner at den satsinga som har vorte gjennomført i m.a. fysisk infrastruktur, i kompetansebygging og i relasjonsbygging mot fagmiljø/politiske miljø, er sjøve grunnlaget for å vere konkurransedyktig på krevjande leveransar i framtida. Samtidig må fokus på forskning og utvikling vere sterk.

7. FINANSIELL RISIKO

Marknadsrisiko:

Muritunet har inngått nye langsiktige kontrakter med Helse Midt-Norge. I dei nye avtalane skal ein levere i h t tildelte pasientgrupper (dag/døgn), noko som innebere ein tydeleg marknadsføring mot aktuelle pasientgrupper.

Kredittrisiko:

Risiko for at samarbeidspartnarar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine plikter vert vurdert som lav då kundane p.t. (Helse Midt-Norge RHF) er eigd av den norske stat. Fordringar i forhold til einskildpersonar utgjør mindre beløp og representerer ein liten risiko.

Likviditetsrisiko:

Ein vurderer likviditeten i morselskapet som tilfredsstillande.

8. RESULTAT, INVESTERINGAR, FINANSIERING OG LIKVIDITET

Resultatet for morselskapet for 2019 er på kr 214.584,-. Konsernet sitt resultat er kr. 967 898,-. Styret viser elles til det som er sagt ovanfor og meiner at den framlagde årsrekneskapen gir rett informasjon om drifta i 2019 og morselskapet/ konsernet si stilling ved årsskiftet.

Morselskapet sin bokførte egenkapital er pr. 31.12.2019 kr 35.402.696,-. Konsernet sin bokførte egenkapital er pr. 31.12.2019 kr 46 194 599,-.

Styret er nøgd med utviklinga i 2019 og vurderer egenkapital og likviditet som tilfredsstillande.

Nøkkel tall	31.12.17 Morselskap	31.12.17 Konsern	31.12.18 Morselskap	31.12.18 Konsern	31.12.19 Morselskap	31.12.19 Konsern
Årsresultat	553 251	1 223 515	-1 383 392	-561 685	214 584	967 898
Sum driftsinntekter	66 156 205	68 544 879	69 880 864	72 304 397	75 261 862	77 690 487
Samla investeringar	1 666 712	1 666 712	1 551 682	1 581 046	2 114 852	2 114 852
Likviditetsbeholdn.	12 259 577	14 791 582	3 270 425	7 188 165	11 217 019	13 181 678
Omløpsmidlar	13 358 949	16 535 136	14 442 013	18 872 072	15 303 310	18 088 988
Kortsiktig gjeld	8 628 388	8 818 301	9 933 597	9 827 425	10 247 120	10 153 780
Arbeidskapital	4 730 561	7 716 835	4 508 416	9 044 647	5 056 190	7 935 208
Langsiktig gjeld	44 785 080	72 466 640	42 553 232	69 112 072	39 111 704	63 297 814
Bokført egenkapital	36 571 504	46 074 211	35 188 112	45 226 701	35 402 696	46 194 599
Totalkapital	89 984 972	127 359 153	87 674 941	124 166 199	84 761 520	119 646 192
Eigenkapitalprosent	40,6	36,2	40,1	36,4	41,8	38,6

Styret er ikkje kjend med tilhøve etter utgangen av rekneskapsåret som skulle vere av betydning for vurdering av rekneskapen for morselskap eller konsernet.

9. ÅRSRESULTAT OG DISPONERINGAR


Konsernet sitt overskot for 2019 er kr. 967 898,-. Muritunet AS sitt overskot for driftsåret 2019 er på kr 214.584,-. Styret gjer framlegg om at dette beløpet vert overført til annan egenkapital. Aksjekapitalen i selskapet er pr. 31.12.2019 kr. 14.343.000,- fordelt på 14 343 aksjar og 831 aksjonærar.

Styret vil også rette ei stor takk til tilsette på Muritunet for vel utført arbeid også i året 2019 ! Styret takkar også styra i dotterselskapa for det viktige arbeidet som har blitt lagt ned der.

Valdal, 08.05.2020



Kirsti Slotsvik
Styreleiar



Arne Sandnes
Nestleiar



Cine Finstad Austnes



Geir Østrem




Ingunn Mariann Øye




Ester Reidun Vinje Nilsen



Anett Helen Steinnes



Christian Pritchard



Geir Ove Vøgsund
Adm. Dir.